

NORGES BONDELAG



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår saksbehandler
Terje Engvik
22 05 45 52

Vår dato
31.01.2011
Deres dato

Vår referanse
10/00908-6
Deres referanse

Høyring - ny lov om elsertifikat

Norges Bondelag viser til høyringsbrev frå Olje- og energidepartementet av 08.12.2010 og gir med dette ei høyringsfråsegn.

Norges Bondelag stiller seg positiv til at det no kjem eit verkemiddel som vil stimulere til auka produksjon av fornybar kraft. Landbruksnæringa sit på store ressursar for produksjon av småskala vasskraft og vindkraft. Med sertifikatordninga vil ein større del av dette ressursgrunnlaget kunne takast i bruk, vere med på å auke den fornybare el-produksjonen og samstundes gi auka verdiskaping i distrikta.

Ei innvending mot lova har vore at el-sertifikatordninga vi føre til dyrare kraft for forbrukarane. Dette er eit moment for bøndene som kraftbrukarar også. Men samstundes er det indikasjonar på at den auka kraftproduksjonen ein vil få med sertifikatordninga vil verke dempende på prisnivået for straum. Samla sett ser Norges Bondelag det som viktig å få på plass denne stimuleringsordninga for å leggje grunnlaget for auka produksjon av fornybar energi.

Norges Bondelag sitt hovudfokus i samband med framlegget til elsertifikatlov er verknadane for produksjon av småskala vasskraft opp til 10 MW og småskala vindkraft. I tillegg er vi svært opptekne av rammevilkåra for bioenergi. Slik elsertifikat-avtalen med Sverige er utforma, vert el-produksjon frå bioenergi-anlegg inkludert i ordninga, men ikkje varmeproduksjon. Dermed vil det vere trong for andre verkemidlar for å innfri målsetjingane om auka varmeløyper basert på skogråstoff og energiressursane i husdyrgjødsel.

Norges Bondelag konstaterer at protokollen med Sverige og det tilhøyrande lovframlegget føreset at sertifikatordninga er fullt teknologinøytral – både med omsyn til produksjonsmetode for krafta og med omsyn til storleik på produksjonsanlegget. Norges Bondelag ser grunngevinga for dette i ein felles sertifikatmarknad med Sverige. Ein vil likevel peike på at for vasskraft i Norge er det småskala vasskraft som i praksis står for det største ressurspotensialet. Når det skal takast omsyn til verneproblematikk og miljøavvegingar ved realisering av fornybar-prosjekta, er det i fyrste rekkje småskala

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
Postboks 9354 Grønland
0135 OSLO

Besøksadresse:
Landbrukets Hus,
Schweigaardsgate 34 C
0191 OSLO

Telefon:
22 05 45 00

E-postadresse:
bondelaget@bondelaget.no

Norges Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Bankkonto: 8101.05.12891
Bankkonto: 8101.05.91392

Internett:
www.bondelaget.no

Vår dato
31.01.2011

Vår referanse
10/00908-6

vasskraft under 10 MW og enkelte elvekraftverk utan magasin med storleik over 10 MW som vil dominere vasskraftutbygginga framover.

For småskala vasskraft og vindkraft vil den føreslegne sertifikatordninga med ein verkeperiode på 15 år og ein mogleg sertifikatpris opp mot det ein så langt har oppnådd i den svenske ordninga, verke som ein kraftig stimulans for realisering av nye fornybarprosjekt. Dette bør gjerne etablerast i rein grunneigarregi der tilhøva ligg til rette for dette, eller i samarbeid med ein ekstern partner, der landbruksnæringa får sin rimelege del av verdiskapinga i ein samarbeidsavtale. Norges Bondelag vil peike på at det ved den praktiske utforminga og gjennomføringa av ordninga må leggjast vekt på at ordninga bør fungere enkelt og rasjonelt for småskala kraftverkseigarar som har rett til elsertifikat.

Norges Bondelag ser det som viktig at tidsplanen for sertifikat-etableringa vert følgd, slik at ordninga vert operativ frå 1. januar 2012. Det er eit stramt tidsløp fram til iverksetjingsdatoen, med lovhandsaming, utarbeiding av forskrifter og ikkje minst avslutning av forhandlingar med EU om EU sitt fornybardirektiv. Det er no viktig at desse forhandlingane får tilstrekkeleg framdrift og munnar ut i ei løysing, slik at ikkje forholdet til fornybardirektivet kan stanse eller forseinke iverksetjinga av sertifikatordninga.

Ut frå ei heilskapsvurdering ser Norges Bondelag lovframlegget som godt og dekkande for å stimulere til ny fornybar elproduksjon med byggjastart etter 7. september 2009. Men på eitt punkt vil Norges Bondelag gå imot lovframlegget og gjere framlegg om ein alternativ modell. Dette gjeld inkludering i ordninga av *dei småkraftverka som hadde byggjastart mellom 1. januar 2004 og 7. september 2009*. Etter lovframlegget i § 8b vert vasskraftverk med byggjastart etter 1. januar 2004 godkjende som produksjonsanlegg berre viss installert effekt er under 1 MW. I debatten om overgangsordninga siste året er det frå departementet og Regjeringa peika på at denne avgrensinga har føringar i Soria Moria I, der det er spesielt peika på at det skal leggjast til rette for utvikling av mikro- og minikraftverk under 1 MW. Norges Bondelag går imot grensa på 1 MW i høyringsnotatet og gjer framlegg om at den aukast til 10 MW av følgjande grunnar:

- a) Det er ingen rasjonell grunngeving for avgrensinga til 1 MW viss målsetjinga er auka produksjon av rein, fornybar energi pluss verdiskaping på bygdene.
- b) Om ein likevel skulle ynskje å halde fast på ei grense på 1 MW for spesielt å stimulere til småskala produksjon utan omsyn til den samla fornybarproduksjonen av kraft, er det ulogisk at ein i sertifikatordninga for produksjonsanlegg med byggjastart etter 07.09.2009 ikkje har storleiksavgrensing i det heile. Når det ikkje finst avgrensingar på storleik her, bør alle småkraftverk frå perioden fram til 07.09.2009 bli med i ordninga.
- c) Småkraftnæringa har oppfatta klare løfte frå politikarar i ulike regjeringar i perioden 2003 til 2008 om at sertifikatordninga skal gjevast tilbakeverkande kraft til 01.01.2004 for alle småkraftverk opp til 10 MW. Fråviking frå dette vil svekkje tilliten i næringa til politikarane.


Framlegg om endring av § 8b

Med grunngeving i argumentasjonen ovanfor gjer Norges Bondelag framlegg om følgjande alternative ordlyd i § 8b:

"være et vannkraftverk med installert effekt inntil 10 MW som hadde byggestart etter 1. januar 2004, eller"

Vår dato
31.01.2011Vår referanse
10/00908-6**Merknader til omgrepet "byggestart" i § 8**

"Byggestart" er eit lite presist omgrep for eit småkraftprosjekt. Bruken av omgrepet for å avgrense sertifikatordninga i tid, kan føre til mange vanskelege tolkingstilhøve. Etablering av eit småkraftverk er ein langvarig prosess frå ide, gjennom planlegging og som regel konsesjonssøknad til detaljplanlegging og ein konkret oppstart i felten, som inkluderer felling av skog, bygging av tilkomstvegar, gravearbeid i røyrgate, start på bygging av inntaksdam og start på grunnarbeid for sjølve kraftstasjonen. Å definere ein konkret dato som dekker når anlegget har byggestart, kan vere svært krevjande. Når denne datoen får store økonomiske konsekvensar i samband med elsertifikat-ordninga, kan det vere lite tenleg å operere med eit så upresist omgrep som "byggestart". Norges Bondelag meiner at "produksjonsstart", dvs. fyrste dagen kraftanlegget leverer kraft på nettet, er eit langt meir presist og betre dekkande omgrep. Norges Bondelag ber om at det vert vurdert endring i lovframlegget i samsvar med dette.

Med helsing
Norges Bondelag

Nils T. Bjørke



Per Skorge